



Vår dato:

04.10.2019

Vår ref:

2019/18672

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Kunngjering

Saksbehandlar, innvalstelefon

John Anton Gladsø, 5764 3130

## Fiske etter rømt oppdrettsfisk i Sogn og Fjordane

**Fylkesmannen opnar for at oppdrettsfisk fanga på garn i Sogn og Fjordane, kan avlivast ut oktober 2019. Vedtaket er gjort med heimel i § 8 i forskrift om fisketider for fiske etter anadrom laksefisk i sjøen.**

Opninga gjeld bifangst av rømt oppdrettsfisk ved garnfiske etter marin fisk, og er i hovudsak retta mot fisk som nyleg rømde frå slakteriet ved Brekke. Opninga gjeld på dei vilkåra og avgrensingar som er gitt nedanfor.

### Vilkår

1. Berre fisk som ut frå ytre kjenneteikn kan stadfestast å vere rømt oppdrettsfisk kan avlivast
2. Alt fiske skal følgje gjeldande fiskeregler i sjø
3. All fangst skal registrerast og rapporterast til Fylkesmannen i Vestland

### Grunngjeving

Det har rømt om lag 17 000 oppdrettslaks med ei gjennomsnittsvekt på om lag fire kilo frå slakteriet ved Brekke. Rømmingen vart oppdaga 16. september 2019. Etter rømmingen har det vore gjenfanga oppdrettslaks i sjøen og i vassdrag frå Bøelva i Leirvik til Hæreidselvi i Årdal.

Fylkesmannen har vidare fått opplyst at det er fanga ein del oppdrettsfisk nedanfor fisketrappa i Gaula, og at det sist helg vart observert mykle rømt oppdrettslaks utanfor Vevring. Vi kjenner ikkje til om dette er fisk som stammar frå rømmingen frå slakteriet ved Brekke. Det er teke skjelprøvar av fisk frå både Gaula og Vevring, slik at det er mogleg å sjekke fiskane opp mot rømmingen frå slakteriet.

Det er forbode å fiske laksefisk i sjøen med garn, og dette gjeld også rømt oppdrettslaks. Årsaka til at rømt fisk er inkludert, er å unngå feilaktig avliving av villfisk. På grunn av den store rømmingen frå slakteriet, og observasjonar av rømt fisk fleire stadar i fylket, opnar Fylkesmannen no for at bifangst av oppdrettsfisk kan avlivast.



Opninga gjeld for Sogn og Fjordane fylke, og gjeld ut oktober 2019. Vi gjer merksame på at alle garn skal vere senka minst tre meter under overflata i dei utvida fredingssonene utanfor vassdrag. Les meir om fiskereglane på Fylkesmannen si [heimeside](#).

Tiltaket er vurdert etter §§ 8 – 12 i naturmangfaldlova. Kunnskapsgrunnlaget etter § 8 omfattar informasjon om rømmингa, opplysingar frå utfiskinga i fleire elvar og observasjonar av rømt fisk.

Det meste av laks og sjøaure har no vandra opp i elvane, og vi venter ikkje ein vesentleg auka fangst av villaks og sjøaure. Eventuell fangst av villaks og sjøaure skal uansett settast ut att.

### Klagerett

Etter reglane i forvaltningslova kan de klage på dette vedtaket innan tre veker til Miljødirektoratet. Eventuell klage med grunngjeving må sendast om Fylkesmannen, som kan ta klagen heilt eller delvis til følgje, eller sende den vidare til klageinstans for endeleg avgjerd.

Med helsing

Sissel Storebø  
fung. miljødirektør

Eline Orheim  
seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

VEST POLITIDISTRIKT	Postboks 85	6901	FLORØ
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Statens Naturoppsyn	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM